



Kornettrekke er meist fulltalige, men det er sjølvsagt plass til fleire (Foto: Thor Inge Døssland)

Det var med spenning musikklaget starta opp att etter initiativ frå Renate Natås og Vidar Koløy for om lag fire veker sidan. No ser det lovande ut med tanke på å få korpset i permanent drift att. Etter at det var litt tynt i rekkjene på dei første øvingane, har no talet på musikarar teke seg opp.

På siste øvinga var det 18 musikantar samla, og desse fordeler seg ganske godt på dei ulike instrumenta, men ein manglar førebels slagverkarar. Sjølv om dette er bra, trengst det fleire på alle instrumentgrupper.

Naturleg nok er det ein del av dei gamle travarane som er på plass. Nokre er tilbake på instrumentet sitt etter meir enn ti års pause. I tillegg er det og nokre nye og yngre ansikt. Det er svært gledeleg!

Det vert lagt opp til eit repertoar som alle vil ha glede av å spela. Akkurat no vert det naturleg nok øvt på julemusikk, men ein øver og på lettare musikk for bruk når jula er over. Frå øvingsrommet kan ein høyra slagerar som La det swinge, Jeg vil ha ein blå ballong og No går det rett på dunken, i nye og stilige korpsarrangement. Alt i overkommeleg vanskegrad, og øvingane går i ein humørfylt tone.

Uskedal Musikklag er utruleg heldige. Dei har Magnhild Haugland. Ho har teke på seg det musikalske ansvaret, og er dirigent for korpset. Her har dei ein ung dirigent som heilt tydeleg kan sitt fag. Med solid korpsbakgrunn leiar ho øvingane på ein framifrå måte.

Korpset har sin første opptreden ved julegrantenninga 1. desember. Då skal dei spela i samspel med skulemusikken. Dessutan skal dei delta på julekonserten i kyrkja 10. desember. Det er spelingane som det er gjort avtale om til no, men dersom nokon treng julemusikk, kan dei berre ta kontakt.

Elles er det grunn til å minna om kva som er den beste førjulsgåva til musikklaget; det er at det dukkar opp fleire medlemmer, og dei treng på ingen måte ha postadresse Uskedalen. Det er berre å stilla på øvingane, og øvingstida er vanlegvis tysdagar frå kl.20 til 21.30. Det føregår i skulen. (Øvinga tysdag 28.11. startar kl.19 og er i Aktivitetshuset då det er fellesøving med skulemusikken).

Av Thor Inge Døssland



Kanskje litt amputert rekkja, men lyden er det ingenting å sei på! (Foto: Thor Inge Døssland)